


Anne Håland og Åse Kari H. Wagner



VEILEDA LESING

 **Lesesenteret**
Nasjonalt senter for
leseopplæring og leseforskning

Universitetet i Stavanger

I samarbeid med Linn Endresen, Barbro G. Gustavsen, Marie Høllesli og Marita Thorsen

Denne brosjyren er del av eit materiell til bruk i veileda lesing i begynnaropplæringa. Forutan brosjyren består materialet av:

- ein plakat med oversyn over ulike leseområde
- eit observasjonsskjema (sjå baksida) for å følgje med i leseutviklinga til kvar einskild elev



Kva er veileda lesing?

Veileda lesing er ein strukturert lesemetodikk utvikla på New Zealand som går føre seg i små elevgrupper. Elevane les ein felles tekst høgt og får rettleiing frå læraren. Leserettleiinga skjer gjennom samtalar mellom lærar og elev(ar) om ulike aspekt ved teksten.

Kvifor veileda lesing?

Målet med veileda lesing er å gje kvar einskild elev tilpassa leseopplæring samtidig som ein kan utnytte dei andre elevane i gruppa som lese- og samtalestøtte. I veileda lesing kan ein ta utgangspunkt i leseutfordringane til kvar einskild elev, og gje eksplisitt undervisning i form av modelleringar og samtalar. Det kan vere ein fordel om elevane i gruppa har kome ganske likt i leseutviklinga.



Korleis veileda lesing?

Ideelt går veileda lesing føre seg i tre steg:

1) Før-lesefasen har som mål å aktivere forkunnskapane til elevane og predikere kva teksten kjem til å handle om. Med utgangspunkt i eksempelvis overskrift og/eller bilete kan elevane hente fram og uttrykkje forkunnskapane sine om emnet og/eller kva dei trur teksten handlar om.

2) Lesefasen inneber at kvar einskild elev les utvalde delar av teksten høgt, medan læraren lyttar merksamt. Nokre gonger vil elevane også lese høgt saman. Læraren gir elevane lesestøtte der det er nødvendig. Slik støtte kan vere knytt til ulike sider ved elevane si leseutvikling og/eller utfordringar i teksten dei les. Med jamne mellomrom kan læraren observere lesinga til kvar einskild elev (sjå observasjonsskjema), som igjen blir utgangspunkt for neste økt med veileda lesing. Slik sikrar ein at veiledninga av kvar einskild elev er tilpassa leseferdigheita og eventuelle leseutfordringar eleven har.



3) Etter-lesingsfasen tyder at ein diskuterer og/eller samanfattar teksten. Nokre gonger er det nødvendig å lese gjennom heile teksten utan stopp, både for å stimulere leseflyt og for å skape ei heilskapleg forståing av teksten. Elevane kan også, i etterkant av økta, arbeide med det dei har lese gjennom aktivitetar som drama, teikning og skrivning.

Kva tekstar kan ein bruke i veileda lesing?

I utgangspunktet kan ein bruke alle typar tekstar, både tilpassa lese-tekstar, slik ein finn i læreverk og småbøker, men også tekstar som ikkje er spesielt tilpassa eleven, slik som fagbøker og nettekstar. Tekstutvalet bør innehalde eit mangfald av sjangrar. Det viktigaste med tekstutvalet er likevel at tekstane er meningsfulle og gir rom for samtale og/eller at tekstane demonstrerer språkleg kompleksitet og språklege utfordringar for begynnarlesaren. Eksempelvis kan skj-lyd og dobbel konsonant, eller samtale om poenget med ulike figurar i ein tekst, vere gode utgangspunkt for eksplisitt leserttleiing.



Kva seier ny forskning om bruken av veileda lesing i norske klasserom?

Ein studie har undersøkt korleis lærarar på 2. trinn bruker veileda lesing.¹ Dei viktigaste positive funna frå denne studien er:

- 70 % av lærarane på 2. trinn bruker veileda lesing
- Lærarane gir elevane mykje lesestøtte i førlesingsfasen
- Lærarane opnar ofte opp for samtale om tekstane dei les

¹Håland, A., Wagner, Å. K. H., & Mctigue, E. (2021). How do Norwegian second-grade teachers use guided reading? The quantity and quality of practices. *L1 Educational Studies in Language and Literature*, 21. 1-28. <https://doi.org/10.17239/L1ESLL-2021.21.01.02>



Studien viser likevel også at:

- Lærarane ser ut til å mangle strategiar for korleis dei skal støtte avkodninga til elevane. I staden for å tilby avkodningsstrategiar, gir lærarane hjelp i form av at dei les orda for elevane
- Lærarane ser ut til å mangle strategiar for korleis ein kan snakke om kva ord betyr
- Lærarane tar ikkje skriftlege notat om elevane si lesing

Det er med utgangspunkt i desse funna at vi har utvikla denne ressursen.

Samtalestøtte

Plakaten viser ulike leseområde, og nedanfor er desse utvida med konkret samtalestøtte til veileda lesing. Døma på samtalestøtte er meinte som inspirasjon (og skal ikkje lesast høgt ordrett), og tanken er at ein vel ut dei spørsmåla som er tilpassa eleven si leseutvikling og teksten ein skal lese. Det er også viktig at læraren vel ut eitt/nokre fokusområde. Ein rekk ikkje å arbeide med alt samstundes.

Arbeide i sjølve teksten

Ord- og setningsforståing: Kva trur du ordet kan betyr? Kva kan vi gjere for å prøve å forstå ordet? La oss lese ordet ein gong til. Forstår du ordet no? La oss dele opp ordet, kor mange ord er dette ordet sett saman av? Finst det fleire ord i dette ordet, i tilfelle kva betyr dei? Når du veit kva teksten handlar om, kva trur du då betyr? Kunne forfattaren ha brukt eit anna ord? Kjenner du ord som betyr omtrent det same? Denne setninga byrjar med «det», «dette», «han»... Kva viser ordet tilbake til?



Avkodning: Høyrest det rett ut? Sjå på ordet, kva legg du merke til? Kva er det som gjer at ordet er vanskeleg å lese? Kva for bokstavar finst i dette ordet? La oss dele opp ordet, kor mange ord er dette ordet sett saman av? Kan vi dele dette ordet opp i mindre delar, i tilfelle kva for delar? Er det noko du veit om innhaldet i teksten som kan hjelpe deg? Eg likte at du la merke til at noko ikkje var rett. Korleis visste du det? Vis meg kor det ikkje var rett. Eg likte måten du retta di eiga lesing på. I dette ordet er det to/ fleire bokstavar (t.d. ng, skj, skr) som kan vere vanskelege å lese fordi dei skal uttalast som éin lyd. Eg skal lese ordet for deg, høyr godt etter korleis eg seier det, og så kan du lese ordet etterpå.



Nokre ord les vi annleis enn slik vi skriv dei (t.d. det, land) – korleis skal vi lese desse? Om ordet var ..., kva for bokstav ville du forventast kom først/sist? Er det det du ser? Sjå på den første/dei to første bokstavane, kva slags lyd er det? Sjå på ordet ein gong til, les det inni deg, ser du no kva som står? Då du stoppa her, kva var det du var usikker på? No las du nesten rett, men kikk ein gong til på siste del av ordet, kva står det der? Kan du lese det ein gong til slik at det blir heilt rett?



Bruke informasjon i teksten: Kva ser du som kan hjelpe deg med å forstå teksten? Kva for informasjon har du som kan hjelpe deg til å forstå denne teksten? Kva for informasjon får du gjennom bilete/tabell/illustrasjon? Korleis hjelper bilete/tabell/illustrasjon deg til å forstå ...? Kva kan bileta/illustrasjonane fortelje oss, som ikkje står i teksten? Her har forfattaren sett eit ord i kursiv/brukt store bokstavar/utropsteikn, kva trur du er grunnen til at det er skrivi slik?

Oppsummere: No har vi lese denne teksten; viss du skulle seie kva han handla om, kva ville du sagt då? No har vi lese den første sida; kva har du fått vite så langt? Korleis vil du oppsummere teksten?

Leseflyt: Set orda i saman slik at det høyrst ut som tale/snakk. Høyrst det fint ut? Kan du lese ordet/setninga inni deg og prøve på ny? Er det noko du veit om innhaldet i teksten som kan hjelpe deg til å lese flytande? Er det slik vi snakkar? Kan vi seie det slik? Eg la merke til at i denne delen av teksten las du veldig flytande, men i den andre delen av teksten stoppa du meir opp. Veit du kvifor?

Tilpasse lesemane: Korleis tenkjer du at vi skal lese denne typen tekst? Kvifor tenkjer du at vi skal lese akkurat slik? Når du ser denne teksten (fagtekst/dikt/tekst frå nettet...), korleis tenkjer du at det passar å lese han?




Arbeide utover teksten

Førlese og predikere: Er det noko spesielt du legg merke til ved denne teksten? Les overskrifta, kva trur du denne teksten handlar om? Veit du noko om dette emnet i frå før av? Sjå på bileta; kva trur du dette vil handle om? Tenk på kva som har hendt i historia/teksten så langt; kva trur du vil skjje vidare? Kva forventar du? Vi trudde at teksten handla om ..., stemte det? Kva var det som gjorde at vi tok feil, og kva gjorde det med forståinga vår?

Lage samband til personlege erfaringar, kunnskap om verda og andre tekstar:

(meg sjølv) Minner dette om noko i livet ditt/ting du har opplevd? Korleis er dette forskjellig frå livet ditt?



(tekstar) Har du lese noko tidlegare som handlar om det same? På kva måte er dette forskjellig frå andre tekstar du har lese?

(verda) Liknar dette på noko som kunne ha skjedd i den verkelege verda/på ekte? På kva måte er dette forskjellig frå det som skjer i den verkelege verda?

Justere forståinga: Har du fått noko ny informasjon som forandrar oppfatninga di? Kva slags ny informasjon var det i tekst/bilete/språk? På kva måte endra den nye informasjonen forståinga di av teksten/temaet...?

Lage inferensar: Korleis forstår du innhaldet i teksten? Kvifor forstår du teksten akkurat slik? Korleis forstår du personane? Kva tenkjer du denne teksten eigentleg handlar om, og kvifor det? Då du sa at Per blei lei seg.... kva var det som gjorde at du trudde/tenkte det? Var det noko i teksten (innhald, språk), eller var det noko du veit om dette emnet?

Arbeide kritisk med teksten

Leggje merke til dei språklege vala forfattaren gjer: Kven har laga denne teksten? Korleis har forfattaren skrive teksten (overskrifter/avsnitt/bilete/lenker...)? Legg du merke til nokre språklege val forfattaren har gjort (bilete, rim, teiknsetting...)? Kvifor trur du forfattaren har valt å gjere det slik? Kva for informasjon har forfattaren framheva? Kva er poenget med biletet/overskrifta/figuren/diktet/kartet/ramma? Hadde det gått an å tenkje seg ei anna overskrift på teksten? Dette var eit dikt, kvifor trur du forfattaren valte å skrive denne teksten som eit dikt? Kunne ein sagt det same i ein annan sjanger (teikneserie/SMS ...)?

Vurdere teksten: Korleis likte du teksten? Greier du å seie noko om kvifor du likte/ikkje likte teksten/slutten, osv.? Er han interessant/spennande/provoserande? Passar desse orda/språklege vala til akkurat denne teksten, når vi veit at teksten er ... eit dikt/ein fagtekst/ein tekst frå nettet? Korleis likte du byrjinga/slutten av teksten? Kunne forfattaren ha starta/slutta på ein annan måte?



Observasjonsskjema

Tanken med observasjonsskjemaet bakarst i brosjyren er at det kan kopierast og brukast for å følgje med på leseutviklinga hos kvar einiskild elev. Observasjonane bør brukast med varsemnd, både når det gjeld kor ofte ein vil gjennomføre dei og kor mykje arbeid ein legg ned i dei. Observasjonane bør derfor ha klare mål og alltid støtte eleven si leseutvikling. Skjemaet er enkelt, slik at det skal vere lett å ta i bruk. Her følgjer nokre utfyllande kommentarar om korleis ein kan bruke dei ulike boksane i skjemaet:

• Målet med økta (jf. leseområdene)

Her kan ein notere kva for (eit) leseområde som skal vere i fokus i den aktuelle observasjonen. Kva for (eit) leseområde ein vel, bør vere i tråd med potensialet i teksten (eks. teksten inneheld mange samansette grafem) og leseferdigheita eleven har (eks. enkelt ordtilfang). Med nokre elevar kan det vere naturleg å observere fleire leseområde i same observasjon. Med andre elevar kan eitt leseområde vere nok.

• Observasjonar

Her kan ein gjere enkle notat av eleven si lesing, sett opp mot målet med økta. Det kan vere notat om avkoding og korleis eleven les uregelrette ord; notat som seier noko om korleis eleven lagar inferensar, men likevel misoppfattar teksten; eller notat som seier noko om korleis eleven tilpassar lese måten til sjangeren. Når ein observerer, vil det truleg også dukke opp feil-lesingar og misforståingar som ikkje er knytte til målet med økta og dei utvalde leseområda. Det er naturleg at ein også noterer seg desse.

I observasjonen er det viktig at eleven les ukjend tekst, slik at læraren får eit realistisk inntrykk av eleven si leseferdigheit. Det vil gi eit godt utgangspunkt for å tilpasse vidare oppfølging.

• Oppfølgingspunkt til neste økt

Basert på observasjonen noterer ein kva for (eit) leseområde (eller spesifikke delar av eit leseområde) ein må arbeide med. I skjemaet er det plass til tre oppfølgingspunkt, men dette kan sjølvstakt justerast både ned og opp.

Eksempel på observasjonsskjema

Observasjonsskjema til bruk i veileda lesing	Dato: 13.01.21	Lærer: Morten Lia
Elev: Elev 1	Trinn: 3B	Tekst: «Snur meg bort» og «Skyer» frå Hoppe i havet av Oskar Stein Bjørlykke
Målet med økta (jf. leseområda): Tilpasse lese måte Leggje merke til dei språklege vala forfattaren gjer		
Observasjonar: Eleva les ikkje det første diktet som dikt. I rettleiinga kjem det fram at dette skuldast at diktet manglar teiknsetjing. Me snakkar om at kvar ny strofe likevel markerer pause og kvifor slike pausar er viktige i diktlesing. Manglar intonasjon og innleving i lesinga, viser at eleva ikkje er heilt trygg på kva dikta handlar om, dette er spesielt vanskeleg i dikt to pga. mange metaforar og språklege bilete.	Oppfølgingspunkt til neste økt: 1. Snakka om dikt og korleis dei må lesast forskjellig frå andre typar tekstar, eksempelvis bruk av pausar. 2. Øva på å tolka språklege bilete og diskutera kva for andre ord forfattaren kunne brukt.	

Materiellet er inspirert av:

Clay, M. (2005). *Literacy lessons designed for individuals, part two: Teaching Procedures*. Heinemann.

Fountas, I.C., & Pinnell, G.S. (2012). Guided reading. The romance and the reality. *The Reading Teacher*, 66(4), 268-284. <https://doi.org/10.1002/TRTR.01123>

Harvey, S., & Goudvis, A. (2007). *Strategies that work: Teaching comprehension for understanding and engagement*. Stenhouse Publishers.

Iaquinta, A. (2006). Guided Reading: A research-based response to the challenges of early reading instruction. *Early Childhood Education Journal*, 33(6), 413-418. <https://doi.org/10.1007/s10643-006-0074-2>

Lipp, J. R., & Helfrich, S. R. (2016). Key reading recovery strategies to support classroom guided reading instruction. *The Reading Teacher*, 69(6), 639-646. <https://doi.org/10.1002/trtr.1442>

Young C. (2019). Increased frequency and planning: A more effective approach to guided reading in Grade 2. *The Journal of Education Research*, 112(1), 121-130. <https://doi.org/10.1080/00220671.2018.1451814>

Observasjonsskjema til bruk i veileda lesing	Dato:	Lærer:
Elev:	Trinn:	Tekst:
Målet med økta (jf. leseområda):		
Observasjonar:	Oppfølgingspunkt til neste økt:	



Lesesenteret

Nasjonalt senter for
leseopplæring og leseforskning

Universitetet i Stavanger